



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I ØRSKOG KOMMUNE

Vedtekne av Ørskog kommunestyre 01.02.2018, gjeldande frå 01.08.2018

1. DEFINISJON – jfr § 13.7 i Opplæringslova

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.- 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a. eigarforhold*
- b. kven som er opptaksmyndigheit*
- c. opptakskriterium*
- d. opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen*
- e. foreldrebetaling*
- f. leike- og opphaldsareal*
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. bemanning og leiing*

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.

2. FORMÅL

Innholdet i SFO skal vere tilpassa barna sine behov og føresetnader. Opplegget må vere slik at barna trivst og kjenner seg trygge. SFO skal drivast i samsvar med Opplæringslova.

3. EIGARFORHOLD

Skulefritidsordninga ved Ørskog skule er eigd og vert driven av Ørskog kommune.

4. OPPTAK

Alle barn i aktuell aldersgruppe har rett til SFO-plass.

Opptak av barn er regulert av Opplæringslova og dei kommunale vedtektene.

Hovudopptaket har søknadsfrist 1.mars.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema, som ein finn på <https://orskog.ist-asp.com/NO01523-pub/login.htm>.

Om skulefritidsordningane har ledig kapasitet, vert det gjort supplerande opptak gjennom året.

Ei arbeidsgruppe samansett av rektor og dagleg leiar ved Ørskog SFO, gjer vedtak om opptak.

Plassen vert tildelt fast fram til eleven er ferdig med småskuletrinnet. Barn med særskilte behov har plassen til dei er ferdige med barnetrinnet.

Oppseiing og endring av plass i SFO må skje før den 1. i kvar måned, altså 1 mnd oppseiing frå den 1. kvar måned. Ved oppseiing før 01.08 vert det kravd opphaldsbetaling for 1 måned. Ved oppseiing etter 1. april vert det kravd opphaldsbetaling ut SFO-året, dvs for månadane mai og juni. Plassen kan berre endrast to gongar pr halvår.

Oppseiing og endring skal gjerast elektronisk i kommunen sin søkeportal på <https://orskog.ist-asp.com/NO01523-pub/login.htm>.

5. FORELDREBETALING

Kommunen fastset opphaldsbetaling ved handsaming av budsjettet kvart år. Eventuelle endringar i satsane trer i kraft frå nyttår, i tråd med budsjettvedtak for det aktuelle året. Opphaldsbetaling vert fakturert 11 månader i året. Ørskog kommune har søskenmoderasjon på 25% for barn nr 2 eller fleire.

6. OPNINGSTIDER

SFO har tilbod om:

- **Full plass**, dvs før og etter skuletid på dagar med skule, - og heile dagar i skuleferiane
- **Redusert plass**, dvs før og etter skuletid, - gjeld berre dei dagane det er skule.

- **3 dagarstilbod**, dvs tre valfrie dagar pr.veke i skuleåret, - gjeld berre dei dagane det er skule.
- Berre morgonar
- Berre ettermiddagar
- SFO sel dagplass eller halv dag dersom det let seg gjere i høve bemanningsplanen.

SFO har ope i samsvar med skule/SFO/barnehage-ruta – samla ca. 44 veker pr. år. Dette kan variere med kalenderåret. SFO kan halde stengt inntil 5 planleggingsdagar pr. år . Ørskog SFO må ha minst 6 barn for å halde ope.

Dagleg opningstid er i utgangspunkt:

Måndag – fredag: kl. 07:00 – 08:30 + kl. 13:15- 16:45

Fridagar for elevar: kl. 07:00 – 16:45

Rektor har mynde til å regulere opningstidene ut frå behov.

7. LEIKE OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga er samlokalisert med småskulen sine lokale. Lokala og uteområdet skal ta i vare barna sine behov for leik, kultur og fritidsaktivitetar. Lokala skal oppfylle krava i «Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar».

8. PERSONALET

Rektor ved skulane har det administrative-, økonomiske-, og pedagogiske ansvaret for ordninga. SFO skal ha ein dagleg leiar, gjerne med pedagogisk utdanning. Personalet elles vert tilpassa talet på barn og val av aktivitetar. I tillegg kan andre personar knytast til verksemda - slik som praktikantar, pensjonistar og ungdomsskuleelevar gjennom utplassering.

9. SKYSS

Skyss til og frå SFO er foreldra sitt ansvar.

10. BRUKARMEDVERKNAD

Foreldremøte vert halde etter behov - samordna med foreldremøta for klassene. SFO gjennomfører konferansetimar ved behov.

Foreldre som har barn ved skulefritidsordninga, utgjer foreldrerådet ved SFO og skal velge representantar til arbeidsutvalet for SFO

Det skal oppnemnst eit arbeidsutval for skulefritidsordninga med slik samansetjing: Einingsleiar, 3 representantar valde av dei som har barn i SFO, 1 representant vald av og frå pedagogisk personell ved skulen, 1 representant frå foreldrerådet ved skulen.

Dagleg leiar er sekretær – med tale og forslagsrett.

Samarbeidsutvalet ved skulen kan erstatte eit eige arbeidsutval for skulefritidsordninga.

Alle medlemmer av styrande organ og tilsette har teieplikt i samsvar med lovverk.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal m.a.:

- Godkjenne årleg plan for SFO
- Uttale seg til rådmannen sitt framlegg til budsjett og opphaldsbetaling
- Få framlagt større saker til uttale
- Kan ta initiativ til endring i vedtektene

11. ENDRING AV VEDTEKTENE

Ørskog tenesteutval kan gjere vedtak om endringar i desse vedtektene.